



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 22.04.2024  
Vår ref: 23/04350-7  
Deres ref:

## Høyring av søknad om driftskonsesjon for Kyrkjeteigen - Valeberg i Sogndal kommune. Søkjar: Fredheim Maskin og Betong AS

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegnene kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. I vurderinga av søknad om driftskonsesjon etter minerallova vil eventuelle utsegner knytt til arealavklaringa derfor ikkje blir vektlagde.

### Høyringsfrist: 28. mai 2024

Høyringsfråsegnene blir sende til e-post [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) eller med ordinær post til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim.

Heimelshavarar til nærliggjande eigedommar av uttaket får høyringsbrevet, men blir skjerma frå mottakarlista, jfr. personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR) art. 5

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [Saker til høyring | Direktoratet for Mineralforvaltning \(dirmin.no\)](#).

### Samandrag av søknaden

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43 frå Kyrkjeteigen-Valeberg med org. nr. 998 397 944, for uttak på del av gbnr. 90/3 og 90/16 i Sogndal kommune. Omsøkt



areal er på ca. 62 daa og kjem fram av kart som er ein del av høyringsvedlegga. Det er anslått eit årleg uttak av byggjeråstoff på om lag 12 000 m<sup>3</sup> og totalt uttak på om lag 700 000 m<sup>3</sup>. Området er regulert til område for steinuttak og massedeponi i «Reguleringsplan for steinuttak og massedeponi på Valberg i Sogndal kommune», vedteke 30. mars 2012.

### **Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**

Formålet i minerallova er å fremja og sikra samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m<sup>3</sup> er konsesjonspliktig.

Konsesjonssøknaden blir avgjort etter ei skjønsmessig vurdering der DMF, i tillegg til lovkravet om bergfagleg forsvarleg drift, også vurderer tiltakets:

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

### **Forventingar til høyringsfråsegnene**

Private interessentar kan komma med innspel til relevante forhold som bør takast omsyn til i den aktuelle saka. Offentlege etatar blir bedne om å ut frå eige ansvarsområde å vurdere om det er forhold som tilseier at driftskonsesjon ikkje bør innvilgast, eventuelt om det bør stillast vilkår om mildnande tiltak. Dersom det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg klargjort i søknaden ber me om opplysningar om dette.

Me viser i dette sambandet særskilt til gjennomgangen vår av kunnskapsgrunnlaget så langt for følgjande omsyn:

***Kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldslova***, sjå høyringsvedlegget side 13 – 15  
Naturmangfoldloven § 7 pålegg alle styresmaktsinstansar som tek avgjerder som har verknader for naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12.

DMF har gjennomført søk i økologisk grunnkart, naturbase og artsdatabanken i januar 2024. DMF har også gjennomført kunnskapsinnhenting frå reguleringsplan og frå Tiltakshaver. Me har fått følgjande treff av betydning for vurderingane etter naturmangfaldslova:

- Området ligg i nærleiken av Lågurtfuruskog (VU)
- Sensitive arter: hubro og kongeørn

Me gjer Statsforvaltaren særleg merksam på at DMF berre har tilgang på maskerte kart for sensitive artar.

Området er også markert som forvaltningsområde for rovvilt.



**Andre varsemdområde**, sjå høyringsvedlegget side 16 – 18

Uttaksområdet ligg i nærheita av varsemdsområde for jord- og flaumskred, og for snøskred, i NVE sin kartteneste.

Det går eit nettanlegg i nærheita av uttaksområdet, tilhøyrande Sognekraft Produksjon AS.

Vi ber særleg kommunen, statsforvaltaren og fylkeskommunen opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og inneber forureining.

Vidare ber vi om instansane si vurdering av eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

For nærare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå nettsida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du også den digitale kartløysinga vår, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Vennlig hilsen

Stian Bøkestad Utvik  
Konsulent

Siri Elise Aakenes  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

Saksbehandler: Siri Elise Aakenes

Mottakere:

Fredheim Maskin og Betong AS	Manhellervegen 556	6854 KAUPANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Sogndal kommune	Postboks 153	6851 SOGNDAL
Mattilsynet	Postboks 383	2381 BRUMUNDDAL
Sognekraft AS	Røysavegen 1	6893 VIK I SOGN
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO

Kopi til:

Private mottakere i blindkopi